



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteprotokoll

Utvalg: Verneområdestyret for SVR

Møtested: Sirdal høyfjellshotell, Fidjeland

Dato: 25.08.2025

Tidspunkt: 16:00 - 19:30

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jonny Liland	Leder	
Per Sverre Kvinlaug	Medlem	
Margit Dale	Medlem	
Marit Høie	Medlem	
Inger Lise Lund Stulien	Medlem	
Anne Eikerapen	Medlem	
Janne Nystøl	Medlem	
Hans Blattmann	Medlem	
Mads Drange	Medlem	
Anita Husøy Riskedal	Nestleder	
Jan Petter Gysland	Medlem	
Hayley Anita Henriksen	Medlem	

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Kenny Rettore	MEDL	

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Laila Espedal		

Merknader:

Jonny Liland fratrådte møte etter handsaminga av styresak 42/25.

Møtegodtgjering:

Styremøte 3.5 timar

Førebuing 1.5 timar

Synfaring 4 timar

Øvrige frammøtte:

Navn
Alf Odden
Jørn Trygve Haug

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Jonny Liland

Hayley Anita Henriksen

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 34/25	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 35/25	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 36/25	Orienteringer		
ST 37/25	Referatsaker		
ST 38/25	Revisjon av delegasjonsreglementet for verneområderstyret for SVR		2025/7545
ST 39/25	Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med filmopptak på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 221/1, Sandnes kommune - Amplio Productions Norway		2025/8484
ST 40/25	Saksfremlegg - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 8/11 - Dysje - byggetiltak - uthus - Sigrun Bratteland Holtan		2025/7128
ST 41/25	Søknad om bygging av uthus til sankehytte ved Hegnavatnet i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1, Hjelmeland kommune - Trond Rød		2025/8483
ST 42/25	Klage på avslag om ytterlegare utsett frist for riving av hytte. Vedtak om tvangsmulkt. 2/15. Edgar Sundbø. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Åseral kommune.		2023/7249
ST 43/25	Eventuelt		
RS 145/25	Avslag - Frafjordheiane landskapsvernområde - Gjesdal - Månafossen - Mån - droneflyving - Jan Odd Houen		2025/4712
RS 146/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Dyraheio landskapsvernområde - Suldal 55/1 - Tjødnaarebotn - helikopter - Leiv Einar Aarhus		2025/5642
RS 147/25	Innvilga - Frafjordheiane landskapsvernområde - Sandnes - Gjesdal - utplassering av basestasjonar - elektronisk sporing av sau - Øvre Espedal beitelag		2025/5802
RS 148/25	Innvilga - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Sirdal 36/1 - Håhellervatnet - arrangement - temadag for skoleelever 2025 - Sirdal Huskyfarm AS		2025/5817
RS 149/25	Uttale - vurdering av konsesjonsplikt - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Dyraheio - Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde - Suldal - Hjelmeland - Bykle - Saurdal kraftverk - konsesjon - Ulla-Førre systemet - økt pumpekapasitet		2025/5629

RS 150/25	Administrativ uttalelse - Frafjordheiane landskapsvernområde - Sandnes - besøksstrategi for Kjerag 2025 - 2030 - Lysefjorden Utvikling	2025/5952
RS 151/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Kvanndalen landskapsvernområde - Suldal 68/1 - Jensafet - Svultanuten - helikopter - Erik Jordebrekk	2025/6264
RS 152/25	Innvilga - Frafjordheiane landskapsvernområde - Gjesdal 60/1 - 60/2 - Månafossen - droneflyging - Spectacular Norway AS	2025/6339
RS 153/25	Innvilget - motorferdsel i SVR - Frafjordheiane landskapsvernområde - Sandnes - Kjeragveggen - helikopter - lågtflyging og landing - i Frafjordheiane - 330-skvadronen	2025/6405
RS 154/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Frafjordheiane landskapsvernområde - Gjesdal - aust for Frafjordhatten - helikopter - Anders Kommedal	2025/6670
RS 155/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Sirdal 20/1 - Degevasshytta - helikopter - Kato Sinnes	2025/6667
RS 156/25	Innvilga - Vormedalsheia landskapsvernområde - Hjelmeland 39/4 - Vikestøl - bygging av nytt uthus - Åstein Mæland	2025/6318
RS 157/25	Melding - Øydelagt terskel og tørrlegging av Moatjødno i Dyraheio landskapsvernområde	2025/6725
RS 158/25	Innvilget - Frafjordheiane landskapsvernområde - Sandnes - Kjerag - drone - Maximus Film GmbH	2025/6808
RS 159/25	Innvilga - Frafjordheiane landskapsvernområde - Sandnes - Langvatn - Låtervik - Olastødene - Gaupefjell - Låtervikvatnet - motorferdsel - helikopter - Lyse og Flørli sankelag	2025/6706
RS 160/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Dyraheio landskapsvernområde - Suldal 67/3 - Bleskestadmoen - helikopter - Jan Arvid Bakken	2025/6814
RS 161/25	Delvis innvilga - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle 26/7 - Ljosådal - helikopter - Statskog SF	2025/6957
RS 162/25	Innvilget - Setesdal Vesthei - Roskreppfjorden - Vidalega - Lykje - Gaukhei - Strondelega - motorferdsel - helikopter - Karl Martin Mattingsdal	2025/7022
RS 163/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Ljosådal naturreservat - Valle - Ljoså - Gjesløyå - helikopter - bil - Otra Kraft DA	2025/6976
RS 164/25	Vedtak - søknad - Bygland 4/2 - Gaukhei - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bygland - Ljosland - Gaukhei - helikopter - Eivind Jacobsen	2025/7616
RS 165/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Steinbuskardet- Hisdal biotopvernområde - Bykle 7/1 - helikopter - Statnett SF	2025/7713

RS 166/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Holmavassåno biotopvernområde - Suldal 67/14 - helikopter - Stavanger turistforening	2025/7851
RS 167/25	Innvilga - Frafjordheiane landskapsvernområde - Sandnes 222/1 - Kjerag - drone - Pinakkel Studio	2025/7745

ST 34/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.08.2025

Behandling

Vedtak

Møteinncalling og saksliste vart samrøystes vedtatt.

ST 35/25 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.08.2025

Behandling

Vedtak

Hayley Anita Henriksen vart vald til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

ST 36/25 Orienteringer

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.08.2025

Behandling

Det var fire korte orienteringsakar, sam ein gjennomgann av framlegget til tiltaksplan for Setesdal Ryfylke villreinområde.

Vedtak

ST 37/25 Referatsaker

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.08.2025

Behandling

Det var inga spørsmål til referatsakane i møte.

Vedtak

ST 38/25 Revisjon av delegasjonsreglementet for verneområderstyret for SVR

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret vedtek nytt delegasjonsreglement for verneområdeforvaltarane og arbeidsutvalet slik det går fram av vedtektene gjeven av Miljødirektoratet 19.1.2024 kap. 6.3 og 6.9 med nokre unntak og tillegg slik det er omtala i saka. Nytt delegasjonsreglement vert då som følgjer:

Delegering av myndigheit til verneområdeforvaltar

1. Behandle søknader om ferdsel og om motorferdsel etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser.
2. Behandle søknader etter verneforskriftenes øvrige spesifiserte dispensasjonsbestemmelser og etter naturmangfoldloven § 48:
 - a.når vedtaket innebærer fornying av tidligere dispensasjon som er gitt av verneområdestyret eller arbeidsutvalget dersom forutsetningene for tillatelsen er tilnærmet uendret,
 - b.når det foreligger etablert forvaltningspraksis for saker behandlet av verneområdestyret eller arbeidsutvalg i tilsvarende saker og
 - c.når forvaltningsplanen gir entydige føringer for utfallet av saksbehandlingen
3. Treffe vedtak i samråd med styreleder når en sak haster fordi det er fare for skade eller annen negativ påvirkning på verneverdiene, for eksempel stans av ulovlig forhold, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.
4. Behandle søknader om, eller på eget tiltak, endre frister som er fastsatt av nasjonalpark-/verneområdestyret.
5. Gi utsettelse av klagefrist etter forvaltningsloven § 29 fjerde ledd.

Delegering av myndighet til arbeidsutvalet

Arbeidsutvalget kan treffe vedtak etter naturmangfoldloven og verneforskriftene i enkeltsaker som ikke er av stor betydning for verneverdiene. Arbeidsutvalgets vedtak skal treffes innenfor rammen av prinsipper fastsatt av styret for de ulike saksområdene i forvaltningsplan eller andre retningslinjer og i samsvar med naturmangfoldloven og verneforskriften.

Andre bestemmelser om delegering

Avgjørelse om utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, og oversending av saker til Miljødirektoratet med anbefaling om overtredelsesgebyr etter naturmangfoldloven §74, skal fattes av arbeidsutvalget eller verneområdestyret.

Skriftlig varsel om retting etter naturmangfoldloven § 69 og varsel om tvangsmulkt etter naturmangfoldloven § 73 kan gjøres av verneområdeforvalter.

Verneområdestyret eller arbeidsutvalget avgjør om brudd på verneforskrift, eller vedtak fatta med hjemmel i disse, skal meldes til politiet. Sjølve meldinga vert utforma og sendt til politiet av verneområdeforvalter.

Verneområdeforvalter kan i samråd med styreleder omdisponere midler post 21 (drift av verneområdestyret, grunnstøtte, forvaltningsplan) og post 31 (tiltak i verneområder) innenfor rammer gitt av Miljødirektoratet.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.08.2025

Behandling

Under drøftinga av saka ville verneområdestyret at det i punkt 3, siste avsnitt, skulle presiserast at denne fullmakta og gjeld nestleiar om styreleiar ikkje kan møte.

Vedtak

Verneområdestyret vedtek nytt delegasjonsreglement for verneområdeforvaltarane og arbeidsutvalet slik det går fram av vedtektene gjeven av Miljødirektoratet 19.1.2024 kap. 6.3 og 6.9 med nokre unntak og tillegg slik det er omtala i saka. Nytt delegasjonsreglement vert då som følgjer:

Delegering av myndighet til verneområdeforvaltar

1. Behandle søknader om ferdsel og om motorferdsel etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser.

2. Behandle søknader etter verneforskriftenes øvrige spesifiserte dispensasjonsbestemmelser og etter naturmangfoldloven § 48:

- a.når vedtaket innebærer fornying av tidligere dispensasjon som er gitt av verneområdestyret eller arbeidsutvalget dersom forutsetningene for tillatelsen er tilnærmet uendret,
- b.når det foreligger etablert forvaltningspraksis for saker behandlet av verneområdestyret eller arbeidsutvalg i tilsvarende saker og
- c.når forvaltningsplanen gir entydige føringer for utfallet av saksbehandlingen

3. Treffe vedtak i samråd med styreleder, eventuelt nestleiar, når en sak haster fordi det er fare for skade eller annen negativ påvirkning på verneverdiene, for eksempel stans av ulovlig forhold, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.

4. Behandle søknader om, eller på eget tiltak, endre frister som er fastsatt av nasjonalpark-/verneområdestyret.

5. Gi utsettelse av klagefrist etter forvaltningsloven § 29 fjerde ledd.

Delegering av myndigheit til arbeidsutvalet

Arbeidsutvalget kan treffe vedtak etter naturmangfoldloven og verneforskriftene i enkeltsaker som ikke er av stor betydning for verneverdiene. Arbeidsutvalgets vedtak skal treffes innenfor rammen av prinsipper fastsatt av styret for de ulike saksområdene i forvaltningsplan eller andre retningslinjer og i samsvar med naturmangfoldloven og verneforskriften.

Andre bestemmelser om delegering

Avgjørelse om utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, og oversending av saker til Miljødirektoratet med anbefaling om overtredelsesgebyr etter naturmangfoldloven §74, skal fattes av arbeidsutvalget eller verneområdestyret.

Skriftlig varsel om retting etter naturmangfoldloven § 69 og varsel om tvangsmulkt etter naturmangfoldloven § 73 kan gjøres av verneområdeforvalter.

Verneområdestyret eller arbeidsutvalget avgjør om brudd på verneforskrift, eller vedtak fatta med hjemmel i disse, skal meldes til politiet. Sjelve meldinga vert utforma og sendt til politiet av verneområdeforvalter.

Verneområdeforvalter kan i samråd med styreleder omdisponere midler post 21 (drift av verneområdestyret, grunnstøtte, forvaltningsplan) og post 31 (tiltak i verneområder) innenfor rammer gitt av Miljødirektoratet.

ST 39/25 Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med filmopptak på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 221/1, Sandnes kommune - Amplio Productions Norway

Forvaltar si innstilling


Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1 i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldslova, får Amplio Productions Norway dispensasjon til å bruke helikopter til frakt av deltakarar, tryggleikspersonell, filmmannskap og utstyr i samband med filmopptak på Kjerag.

Dispensasjonen gjeld for inntil 10 landingar som gjennomførast ein dag i tidsrommet 04-10.09.2025.

Landingane med helikopter skal skje på landingsplassen som blir brukt under Heliboogie, slik det er vist på kartet i vedtaket. Det skal brukast flygeruter kor helikopteret kjem inn frå Lysefjorden. Det kan og unntaksvis landast på Geitaneset nede ved Lysefjorden.

Dispensasjonen gjeld og for bruk av drone den dagen filminga blir gjennomført.

Dispensasjonen blir grunngitt med at helikopterlandingane skje på tidspunkt da det er opna for bruk av helikopter i forvaltningsplanen. Landingane skjer og på god avstand av Kjeragbolten og Nesatind som er dei mest besøkte stadane, slik at forstyrningane av fotturistar blir avgrensa. På grunn av tida på året og det låga artsmangfaldet på Kjerag, vil ikkje helikopterlandingane har særleg innverknad på naturmangfaldet på staden.



Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.08.2025

Behandling

Verneområdeforvaltar si innstilling til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Vedtak


Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1 i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldslova, får Amplio Productions Norway dispensasjon til å bruke helikopter til frakt av deltakarar, tryggleikspersonell, filmmannskap og utstyr i samband med filmopptak på Kjerag.

Dispensasjonen gjeld for inntil 10 landingar som gjennomførast ein dag i tidsrommet 04-10.09.2025.

Landingane med helikopter skal skje på landingsplassen som blir brukt under Heliboogie, slik det er vist på kartet i vedtaket. Det skal brukast flygeruter kor helikopteret kjem inn frå Lysefjorden. Det kan og unntaksvis landast på Geitaneset nede ved Lysefjorden.

Dispensasjonen gjeld og for bruk av drone den dagen filminga blir gjennomført.

Dispensasjonen blir grunngitt med at helikopterlandingane skje på tidspunkt da det er opna for bruk av helikopter i forvaltningsplanen. Landingane skjer og på god avstand av Kjeragbolten og Nesatind som er dei mest besøkte stadane, slik at forstyrningane av fotturistar blir avgrensa. På grunn av tida på året og det låga artsmangfaldet på Kjerag, vil ikkje helikopterlandingane har særleg innverknad på naturmangfaldet på staden.



ST 40/25 Saksfremlegg - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 8/11 - Dysje - byggetiltak - uthus - Sigrun Bratteland Holtan

Forvaltar si innstilling

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Sigrun Bratteland Holtan løyve til oppføring av uthus på eigedomen 8, bnr. 11 på Dysje ved Bossvatn i Bykle, liggjande i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Det vert sett følgjande vilkår for utforming av bygningen:

- Maksimal tillate storleik på uthuset er 19,8 m² BYA og maksimal tillate mønehøgde er 4,5 m.
- Høgda på fundamenta skal ikkje overstige 45 cm. På vegg mot sør-aust tillatast høgde på inntil 100 cm. føresett at det vert mura opp med naturstein i min 50 cm. høgde mellom desse. Ved bruk av lecablokkar til fundament skal desse pussast.
- Til taktekke skal det nyttast stålplater eller shingel i mørk farge.
- Det skal nyttast ståande kledning beisa i mørk farge.
- Alt av bygningsavfall skal transporterast ut av verneområdet.

Før bygging kan ta til må det sendast inn målsett fasadeteikning som skal godkjennast av forvaltningssekretariatet.

Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks byggetiltaket er ferdig. Løyvet gjeld til 25.8.2028.

Som grunngeving legg verneområdestyret vekt på at bygningen skal erstatte eldre uthus i dårleg stand og at det på uthuset er tinglyst felles bruk med nabohytte gnr. 8, bnr. 7. Samla bygningsmasse er såleis under 100 m² BYA og innafor føringane gjeven i forvaltningsplanen. Vidare vert det lagt vekt på at tilkomsten i praksis er avgrensa til sommarhalvåret og at det difor er behov for ein del lagringskapasitet ved hytta. Bygningen er plassert i dalbotnen nær andre tyngre tekniske inngrep, og med fleire bygningar omkring. Sjølv om området frå før er sterkt påverka vil ikkje ei auke i bygningsmassen på 10 m² forverre dette vesentleg. Ut i frå dette meiner verneområdestyret at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Ved godkjenning av storleiken på uthuset kan det for nabohytte gnr. 8, bnr. 7 bli svært avgrensa med utvidingsmoglegheiter jamfør føringane om samla storleik gjeven i forvaltningsplanen. Av den grunn vert vedtaket også sendt eigar av nabohytte og med klagemoglegheit.

Tiltaket krev også dispensasjon frå kommuneplanen for Bykle. Søknad om dispensasjon må sendast Bykle kommune.

Verneområdestyret syner til at byggetiltaket er av monaleg storleik og er oppført utan søknad og godkjenning. For å sikre respekt for regelverket ber verneområdestyret om at saka vert sendt Miljødirektoratet med sikte på at tiltakshavar vert pålagt overtredelsesgebyr etter naturmangfaldslova § 74.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.08.2025

Hans Blattmann

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Sigrun Bratteland Holtan løyve til oppføring av uthus på eigedomen 8, bnr. 11 på Dysje ved Bossvatn i Bykle, liggjande i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Det vert sett følgjande vilkår for utforming av bygningen:

☐ Maksimal tillate storleik på uthuset er 19,8 m² BYA og maksimal tillate mønehøgde er 4,5 m.

☐ Høgda på fundamenta skal ikkje overstige 45 cm. På vegg mot sør-aust tillatast høgde på inntil 100 cm. føresett at det vert mura opp med naturstein i min 50 cm. høgde mellom desse. Ved bruk av lecablokkar til fundament skal desse pussast.

☐ Til taktekke skal det nyttast stålplater eller shingel i mørk farge.

☐ Det skal nyttast ståande kledning beisa i mørk farge.

☐ Alt av bygningsavfall skal transporterast ut av verneområdet.

Før bygging kan ta til må det sendast inn målsett fasadeteikning som skal godkjennast av forvaltningssekretariatet.

Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks byggetiltaket er ferdig. Løyvet gjeld til 25.8.2028.

Som grunngeving legg verneområdestyret vekt på at bygningen skal erstatte eldre uthus i dårleg stand og at det på uthuset er tinglyst felles bruk med nabohytte gnr. 8, bnr. 7. Samla bygningsmasse er

såleis under 100 m² BYA og innafor føringane gjeven i forvaltningsplanen. Vidare vert det lagt vekt på at tilkomsten i praksis er avgrensa til sommarhalvåret og at det difor er behov for ein del lagringskapasitet ved hytta. Bygningen er plassert i dalbotnen nær andre tyngre tekniske inngrep, og med fleire bygningar omkring. Sjølv om området frå før er sterkt påverka vil ikkje ei auke i bygningsmassen på 10 m² forverre dette vesentleg. Ut i frå dette meiner verneområdestyret at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Ved godkjenning av storleiken på uthuset kan det for nabohytte gnr. 8, bnr. 7 bli svært avgrensa med utvidingsmoglegheiter jamfør føringane om samla storleik gjeven i forvaltningsplanen. Av den grunn vert vedtaket også sendt eigar av nabohytte og med klagemoglegheit.

Tiltaket krev også dispensasjon frå kommuneplanen for Bykle. Søknad om dispensasjon må sendast Bykle kommune.

Behandling

Nytt framlegg til vedtak frå Hans Blattmann vart vedtatt mot ei røyst (Marit Høie). Forvaltningssekretariatet sendar ut brev til SVR kommunane med informasjon om ordninga med overtredelsesgebyr. Det blir sendt ein førespurnad til Miljødirektoratet om dei kan informere om ordninga med overtredelsesgebyr på eit kommande styremøte.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Sigrun Bratteland Holtan løyve til oppføring av uthus på eigedomen 8, bnr. 11 på Dysje ved Bossvatn i Bykle, liggjande i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Det vert sett følgjande vilkår for utforming av bygningen:

- ☐ Maksimal tillate storleik på uthuset er 19,8 m² BYA og maksimal tillate mønehøgde er 4,5 m.
- ☐ Høgda på fundamenta skal ikkje overstige 45 cm. På vegg mot sør-aust tillatast høgde på inntil 100 cm. føresett at det vert mura opp med naturstein i min 50 cm. høgde mellom desse.

Ved bruk av lecablokkar til fundament skal desse pussast.

- ☐ Til taktekke skal det nyttast stålplater eller shingel i mørk farge.

- ☐ Det skal nyttast ståande kledning beisa i mørk farge.

- ☐ Alt av bygningsavfall skal transporterast ut av verneområdet.

Før bygging kan ta til må det sendast inn målsett fasadeteikning som skal godkjennast av forvaltningssekretariatet.

Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks byggetiltaket er ferdig. Løyyet gjeld til 25.8.2028.

Som grunngeving legg verneområdestyret vekt på at bygningen skal erstatte eldre uthus i dårleg stand og at det på uthuset er tinglyst felles bruk med nabohytte gnr. 8, bnr. 7. Samla bygningsmasse er såleis under 100 m² BYA og innafor føringane gjeven i forvaltningsplanen. Vidare vert det lagt vekt på at tilkomsten i praksis er avgrensa til sommarhalvåret og at det difor er behov for ein del lagringskapasitet ved hytta. Bygningen er plassert i dalbotnen nær andre tyngre tekniske inngrep, og med fleire bygningar omkring. Sjølv om området frå før er sterkt påverka vil ikkje ei auke i bygningsmassen på 10 m² forverre dette vesentleg. Ut i frå dette meiner verneområdestyret at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Ved godkjenning av storleiken på uthuset kan det for nabohytte gnr. 8, bnr. 7 bli svært avgrensa med utvidingsmoglegheiter jamfør føringane om samla storleik gjeven i forvaltningsplanen. Av den grunn vert vedtaket også sendt eigar av nabohytte og med klagemoglegheit.

Tiltaket krev også dispensasjon frå kommuneplanen for Bykle. Søknad om dispensasjon må sendast Bykle kommune.

ST 41/25 Søknad om bygging av uthus til sankehytte ved Hegnavatnet i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1, Hjelmeland kommune - Trond Rød

Forvaltar si innstilling

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 1 og kapittel VI, punkt 2 i Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde, får Trond Rød dispensasjon til å bygge uthus til ei sankehytte ved Hegnavatnet i Vormedalsheia landskapsvernområde.

Uthuset kan ha eit areal inntil 7 m² (BYA), og ei maksimal høgde på inntil 2.5 m inkludert høgda på fundamenta. Uthuset skal plasserast tett inntil fjellveggen rett bak den eksisterande sankehytta for å dempe landskapsverknaden.

Vedtaket grunngjevast med at uthuset har avgrensa storleik, og at plasseringa gjer at dei negative effektane på landskapet blir små. Uthuset det er søkt om skal romme vedbod og utedo som det vil være behov for ved sankehytta. Det er problematisk at ein ved ein dispensasjon til uthuset går utover den samla arealgrensa for sankehytter på 30 m² (BYA). Særleg når dispensasjonen til sankehytta vart gitt så seint som i 2023. At søkar kan ha misforstått vedtaket i styresak 24/23, gjer at det likevel kan gis dispensasjon.

Dispensasjonen blir gjeve med desse vilkåra:

- Uthuset må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane omsyn til utforming og overflatebehandling, og byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane
- Om uthuset fundamenterast på pålar må det forblendast med tørrmur opp til kledningen
- Taket skal tekkast med torv, stein, tre eller takplater med mørk matt farge
- Uthuset skal målast eller beisast i mørk farge som skil seg minst mogleg frå omgjevnaden.
- Alt av bygningsavfall skal transporterast ut av verneområdet. Ubehandla virke kan nyttast som ved
- Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks byggearbeidet er ferdig
- Dispensasjonen gjeld fram til 25.08.2028

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.08.2025

Mads Drange

Trond Rød får avslag på sin søknad om å bygge eit uthus på 7 m² til ei sankehytte ved Hegnavatnet i Vormedalsheia

landskapsvernområde. Vedtaket er fatta etter kapittel III og kapittel IV, punkt 1 og kapittel VI, punkt 2 i Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde.

Avslaget blir grunngeve med at Forvaltningsplanen for SVR inneheld klare retningslinjer for arealgrensene for sankehytter med uthus, som ikkje opnar for bygging av uthuset det er søkt om. Søker vart og gjort merksam på denne arealgrensa i dispensasjonen til sankehytta i styresak 24/23.

Behandling

Nytt framlegg til vedtak frå Mads Drange vart vedtatt med 9 røyster . Verneområdeforvaltars framlegg til vedtak fekk 4 røyster (Jan Petter Gysland, Laila Espedal, Anita Husøy Riskedal, Per Sverre Kvinlaug

Vedtak

Trond Rød får avslag på sin søknad om å bygge eit uthus på 7 m2 til ei sankehytte ved Hegnavatnet i Vormedalsheia landskapsvernområde. Vedtaket er fatta etter kapittel III og kapittel IV, punkt 1 og kapittel VI, punkt 2 i Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde.

Avslaget blir grunngeve med at Forvaltningsplanen for SVR inneheld klare retningslinjer for arealgrensene for sankehytter med uthus, som ikkje opnar for bygging av uthuset det er søkt om. Søker vart og gjort merksam på denne arealgrensa i dispensasjonen til sankehytta i styresak 24/23.

ST 42/25 Klage på avslag om ytterlegare utsett frist for riving av hytte. Vedtak om tvangsmulkt. 2/15. Edgar Sundbø. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Åseral kommune.

Forvaltar si innstilling

Med heimel i forvaltningslova § 33 opprettheld verneområdestyret sitt vedtak i sak 26/25 dagsett 27.5.2025, gjeldande pålegg om riving av den gamle hytta på gnr. 2, bnr. 15 i Åseral kommune. Frist for riving av den gamle hytta og transport av bygningsmassen ut av verneområdet er 31.10.2025.

Verneområdestyret meiner tiltakshavar har hatt svært god tid på seg til å fjerne den gamle hytta og frakte den ut av verneområdet. Verneområdestyret kan ikkje sjå at det er nye tungtvegande argument som taler for ei ytterlegare utsetting.

Med heimel i naturmangfaldslova § 73 vert eigar av gnr. 2, bnr. 15 Edgar Sundbø pålagt ei løpande dagmulkt på kr. 1000 om bygningen ikkje er dokumentert fjerna innan 31.10.2025.

Klage på avslag om utsett frist for fjerning av den gamle hytta vert sendt Miljødirektoratet for avgjersle når klagefristen for vedtak om tvangsmulkt er ute, eller verneområdestyret har gjort ei førebunde klagehandsaming av denne.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.08.2025

Margit Dale

Med heimel i forvaltningslova § 33 endrar verneområdestyret sitt vedtak i sak 26/25 dagsett 27.5.2025, gjeldande pålegg om riving av den gamle hytta på gnr. 2, bnr. 15 i Åseral kommune. Frist for riving av den gamle hytta og transport av bygningsmassen ut av verneområdet blir sett til 31.03.2026.

Verneområdestyret meiner tiltakshavar alt har hatt svært god tid på seg til å fjerne den gamle hytta og frakte den ut av verneområdet

Med heimel i naturmangfaldslova § 73 vert eigar av gnr. 2, bnr. 15 Edgar Sundbø pålagt ei løpande dagmulkt på kr. 1000 om bygningen ikkje er dokumentert fjerna innan 31.03.2026.

Behandling

Nytt framlegg til vedtak frå Margit Dale vart vedtatt med 7 røyster. Verneområdeforvaltar si innstilling fekk 5 røyster (Marit Høie, Anita Husøy Riskedal, Janne Nystøl, Anne Eikerapen, Mads Drange).

Vedtak

Med heimel i forvaltningslova § 33 endrar verneområdestyret sitt vedtak i sak 26/25 dagsett 27.5.2025, gjeldande pålegg om riving av den gamle hytta på gnr. 2, bnr. 15 i Åseral kommune. Frist for riving av den gamle hytta og transport av bygningsmassen ut av verneområdet blir sett til 31.03.2026.

Verneområdestyret meiner tiltakshavar alt har hatt svært god tid på seg til å fjerne den gamle hytta og frakte den ut av verneområdet

Med heimel i naturmangfaldslova § 73 vert eigar av gnr. 2, bnr. 15 Edgar Sundbø pålagt ei løpande dagmulkt på kr. 1000 om bygningen ikkje er dokumentert fjerna innan 31.03.2026.

ST 43/25 Eventuelt

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.08.2025

Behandling

Margit Dale reiste nokre spørsmål knytt til SNO si verksemd i Setesdal Ryfylke villreinområde og ønska ei orientering frå SNO om desse spørsmåla:

Aktivitet i Villreinområdet knytt til SNO. Det reiser fleire spørsmål:

- Vurderer ein kost/nytte-høvet ved hyppig tilstedeværelse frå SNO i villreinområda?
- Fører SNOlogg over sine turar og er det sett krav til å minimalisere eigen ferdsel?
- Korleis er oppsynet organisert, og kva retningslinjer følgjer dei for å unngå unødig uroing?
- Det har òg kome fram uro knytt til måten SNO arbeider på, der enkeltpersonar har opplevd å bli mistenkte for ulovleg ferdsel eller anna ulovleg aktivitet i verneområda. Det er eksempel på at personar har vorte anmeldt av SNO med grunngjeving i mistanke på bakgrunn av andrehandsinformasjon eller innhald i sosiale medier - og innkalla til avhøyr av politiet utan at bevisbyrda ligg føre. Korleis jobbar SNO i høve dette og kva retningslinjer følgjer dei i slike situasjonar?
-

Kan ein få ei orientering i høve til dette.

1. Korleis SNO sitt arbeid er regulert i villreinområde,
2. Vert det stilt krav til eigen aktivitetsreduksjon
3. Vert aktivitaner grunngjeve og loggførte
4. Kva for retningslinjer og rutinar SNO har for å anmelde ulovleg aktivitet i verneområda på bakgrunn av andrehands informasjon eller innhald i sosiale medier?

Målet må vere at alle aktørar og offentleg oppsyn, tek sin del av ansvaret for å redusere den samla belastninga på villreinen – i tråd med nasjonale målsetjingar om å sikre artens framtid).

SNO vil bli oppmoda om å halde si årlege orientering til verneområdestyret på neste styremøte.

Vedtak